



Politisk frávær i skulen

Utdanningsdirektoratet sitt framlegg til nye fráværreglar er rotete og dårlege. Det kviler no eit stort ansvar på storting og regjeringa – no må tilliten til elevane gjenreisast, og me må syta for føreseielege reglar for elevane, lærarane og skulane.

4H engasjerer, mellom anna, skuleelevar til deltaking i demokratiet, og me ser difor kor viktig ei ordning som gjev elevar høve til å engasjera seg faktisk er.

Skal elevar kunna engasjera seg, må skulen leggja til rette for det. Dette krev at politisk frávær blir anerkjent som noko anna enn skulk. Slik reglane er i dag, har ein som elev i vidaregåande skule høve til å søkja om inntil ti dagar gyldig frávær for å delta i politisk eller organisatorisk aktivitet. Det kan vera for å delta på styremøte, landsmøte, eller skuleringar. Utdanningsdirektoratet føreslår no at alt frávær skal telja likt, og at ein ikkje kan ha over femten prosent frávær i eit fag for å få karakter – uansett årsak.

Dette reagerer 4H Norge sterkt på. Det er forskjell på frávær som følgje av politisk engasjement, og frávær utan gyldig grunn. Den forskjellen bør gjenspeglast i regelverket. Når born og unge engasjerer seg i politikk og organisasjonsliv, får dei høve til å læra kva demokrati betyr i praksis – akkurat slik læreplanverket slår fast at skulen skal leggja til rette for.

Like viktig, tyggar deltakinga at perspektiva og meiningane til born og unge blir sette på dagsorden. Me er alle tente med at unge engasjerer seg, og at fleire røyster slepp til i offentleg ordskifte. Demokratisk deltaking er noko me som samfunn bør leggja til rette for – ikkje straffa.

Me veit frå før av at unge er underrepresenterte i samfunnsdebatten. 4H jobbar kvar einaste dag for å gjera noko med dette. Skal me lukkast, treng me ein skule som ser verdien av og støttar opp om dette arbeidet. Her spelar ordninga med politisk frávær ei nøkkelrolle – for dersom medlemmene våre skal kunna halda fram med å løfta det som betyr noko for dei i skuleval, ta på seg styreverv, og delta i organisasjonslivet, kjem me ikkje unna at dette er aktivitetar som ofte finn stad i skuletida.

Utdanningsdirektoratet har foreslått at rektor skal kunna utøva skjønn i vurderinga av om ein elev med over femten prosent frávær skal få karakter eller ikkje.

Me fryktar det vil styrkja trynefaktoren, og meiner elevar skal ha rett på politisk frávær, uavhengig av om rektor støttar engasjementet deira eller ikkje.

4H Norge meiner at UDIR sitt framlegg til nytt fráværsregelverk ikkje held mål, og ber Stortinget og Regjeringa om å fatta dei naudsynte tiltaka for å tryggja eit regelverk som tryggjar elvane sine høve til å aktivt kunna delta i organisasjonslivet.